



Helge Rorgemoen
Fiskestigen 1192

3890 VINJE



Delegert sak nr. 15/1

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TCH	2014/2121	186/2015	110/9	06.01.2015

Vedtak - Søknad om deling av gnr. 110/9 - Helge Rorgemoen

Dokument i saka:

Søknad om frådelling med kartutsnitt, motteken 27.10.2014

Bakgrunn:

Helge Rorgemoen søker om å få dele i frå ei hyttetomt på eitt dekar i frå landbrukseigedomen Røyndal Austre gnr. 110/9 i Øyfjell, jf. kartutsnitt. Tomta ligg på markslag skog med låg bonitet – og grenser mot eigedomsgrensa mellom gardsvegen/tunet og bustadeigedomen gnr. 110/6. Etter kommuneplanen sin arealdel er dette LNF-område med høve til spreidd hyttebygging (SH45).

Vurdering etter jordlov:

Frådelling som omsøkt er i tråd med kommunale arealplanar på staden som er landbruk, natur og friluftsliv (LNF), med høve for spreidd hyttebygging. Då ein i samband med arealplanen har vurdert dei prinsipielle føringane for bruken av området, finn ein det berre naudsynt å vurdere søknaden administrativt i høve til eventuelle ulemper for landbruk og kulturlandskap på staden etter jordlova § 12, jf. pkt. 4,2 i føresegner for arealplanen.

Den omsøkte tomte ligg på skogsmark med låg bonitet, med god avstand frå tun og jordbruksareal. Sakshandsamar kan ikkje sjå at frådellinga eller tilkomst kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, jf. jordlova § 12.

Vurdering etter plan og bygningslov:

Det aktuelle området ligg innanfor SH45 som er eit LNF-område med høve til spreidd fritidsbusetnad i kommuneplanens arealdel der det er høve til å skilje frå 2 hyttetomter. Søknaden er såleis ikkje i strid med overordna planar.

I føresegnene pkt 4.2.1 står det kva ulike omsyn ein bør ta vare på:

Tiltaket skal ikkje vere i konflikt med arealbruksinteresser knytt til landbruk, naturvern, landskap, vassdrag, kulturminnevern og friluftsliv.

Området består av kulturlandskap med nærleik til landbruk, men det vert ingen vesentleg konflikt, og næringskontoret har gjeve løyve etter jordlova.

Det vert sett som føresetnad at det vert sikra rett til tilgang på vatn, avlaup og veg jf § 27-1, 27-2 og 27-4 i plan og bygningslova.

Sakshandsamar har elles inga merknadar til søknaden om frådelling i høve til plan og bygningslova.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune gjev Helge Rorgemoen - i tråd med jordlova § 12 og plan og bygningslova § 11-6 – løyve til å dele i frå hyttetomt som omsøkt i frå gnr. 110/9.

Med helsing

Toril Nicolaisen
Næringsjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar